


Kinn kommune Kulturhistoriske verdier Hans Blomgate m.v.

Oppdragsgivar
Oppdrag
Rapport type
Prosjektnr.
Dato

Kinn kommune
Kulturhistoriske vurdering - Hans Blomgate m.v.
Fagrappport - Innspel til reguleringsplan
21179
29.09.2021

Kulturhistoriske verdier



Kinn kommune | Kulturhistoriske verdier - område Hans Blomgate

Innhald:		side
1	Innleiing	3
1.1	Oppsummering	3
2	Kulturhistoriske kvalitetar	4
2.1	Florø by 1860	5
2.2	Kvalitetar i bystrukturen	6
2.3	Planområdet	8
3	Bygningsmiljø i planområdet	9
3.1	Sjukehuset – Hans Blomgate 32 – Gbnr. 2020/103	9
3.1.1	Kulturhistorisk verdivurdering	9
3.2	Bolighus – Kinnvegen 2 – Gbnr. 203/102	10
3.2.1	Kulturhistorisk verdi	10
3.3	«Malkeneshuset» – Hans Blomgate 40 – gbnr. 202/26	11
3.3.1	Kulturhistorisk verdi	11
3.4	To bolighus – Claus Findegate 2 og 4 – Gbnr. 203/67 og 203/68	12
3.4.1	Kulturhistorisk verdi	12
3.5	Prestegarden (Øvre Flora) – Claus Findegate 1 - Gbnr. 28/1	13
3.5.1	Kulturhistorisk verdi	13
3.6	Florø barneskole - Hans Blomgate 42 – Gbnr. 202/271	14
3.6.1	Kulturhistorisk verdi	15
4	Eksempel på idrettshallar tilpassa terreng og kulturhistorisk bygningsmiljø	17

1 Innleiing

Nordplan AS er engasjert av Kinn kommune i samband med pågåande reguleringsplanarbeid for Hans Blomgate 30-44, Gbnr. 202/174 m.fl. Aktuelt område er i gjeldande kommunedelplan sett av til offentlege føremål, skule, idrettshall til barneskulen, omsorg, bustad og offentlig friområde. Føremålet med planarbeidet er i hovudsak å legge til rette for ny gymsal/hall for Florø barneskole og for nye omsorgsbustader/institusjon på sjukehusomta.

Denne rapporten omfattar ei arkitekturfagleg vurdering av dei kulturhistoriske verdiane som er viktige i planområdet, både bystruktur, landskap og bygningshistorie. Vidare vil vi gje råd i høve tilpassing til omgjevnadane og tålegrenser for volum og skala i eit kulturhistorisk viktig sentrumsområde av Florø by. Vurderingane går på dei overordna strukturelle verdi-vurderingane, dei omfattar ikkje bygningstekniske eller bruksverdier for eksisterande bygningar. Denne typen vurderingar må ein gå nærare inn på dersom ein skal vurdere gjenbruk eller riving av bygningar. Samla fagvurderingar skal gje eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag for det endelege planforslaget.

Kontaktpersonar:

Kinn kommune:	Marianne Grytten	Prosjektleder
Nordplan AS:	Grete Marøy Sellevoll	Sivilarkitekt MNAL

Oppdraget er gjennomført i september 2021.

Grunnlagsmaterialet for våre vurderingar bygger vidare på tidlegare byanalyser med omfattande dokumentasjon av historisk utvikling, bystruktur, landskap og vurdering av dei enkelte bykvartalane i høve vern og utvikling. I tillegg er det nyleg gitt ut fleire bokverk med historia om Flora, også med skildring av enkeltbygg i planområdet.

Dersom anna ikkje er oppgitt er alle fotografi frå dagens situasjon teke av Nordplan AS.

1.1 Oppsummering

Det aktuelle planområdet i Hans Blomgate og langs Storevatnet ligg i eit historisk bylandskap som går i overgangen mellom tettbygd bystruktur til eit historisk grønt parkområde. Begge elementa representerer viktige historiske linjer i ei svært interessant byhistorie, ikkje berre for Florø/tidlegare Flora kommune, men som ei viktig historiefortelling for fylkeshistoria til tidlegare Sogn og Fjordane. Denne tidlege byhistoria er spesiell og unik i fylket og den er framleis tydeleg definert. Denne byhistoria har ein svært høg kulturhistorisk verdi og er ein viktig identitetsfaktor for Florø-samfunnet.

Det er difor viktig å gå varsomt fram når ein skal planlegge nye viktige tiltak innanfor dette området. Kulturhistoriske omsyn bør vege tungt når ein skal ta val som påverkar bystruktur og/eller landskapsstruktur. Den store samanhengande historiefortellinga, også knytt til området utanfor planområdet, er viktig å ta omsyn til. For eksempel kyrkja som fondmotiv.

Etter vår vurdering vil det vere svært uheldig å plassere ein stor fleirbrukshall i denne historiske bystrukturen eller dette landskapsrommet. Også ved plassering av ein dobbel gymsal i området kan volum og skala gå forbi ei tålegrense der ein øydelegg dei historiske kvalitetane. Uansett val av tomt for plassering av ny gymsal, vil vi sterkt tilrå at ein går for ein mindre gymsal i området. Arkitektonisk utforming og plassering i terreng vil vere viktige moment for å dempe volumet i landskapet og redusere konsekvensane for dei historiske bykvalitetane. Vi viser til Kap. 4 der vi har tatt fram eit par eksempel på god arkitektur tilpassa historisk bygningsmiljø og landskap. I eit skisseprosjekt for valt tomt bør plassering ikkje vere heilt låst. Det må stillast krav til kvalitet på utforming og arkitektonisk løysing, der ein bør jobbe med samansetting av volum, terrengtilpassing og tilpassing til omgjevnadane.

2 Kulturhistoriske kvalitetar

Kulturhistoriske kvalitetar kan vere landskapsområde, landskapselement, bystrukturar eller bygningar som er så viktige at ein ønskjer å ta vare på dei – eller ta omsyn til dei. Ved planlegging av nye tiltak, både i plansamanheng og byggeprosjekt, må ein heile tida vurdere om eksisterande bygningar og bygningsmiljø kan takast vare på, kor viktig er det å ta vare på dei og eventuelt kva kvalitetar ein kan tilføre området dersom ein bygger noko nytt.

Byggesaksforskriften SAK10 - § 19-3 Bevaringsverdige bygningar –skildrar kva som er bevaringsverdige bygningar. Bygningar eller bygningsmiljø som er vurdert som bevaringsverdige kan få eit formelt vern gjennom regulering til spesialområde i reguleringsplan eller gjennom føresegner i kommuneplanens arealdel. Ved vurdering av andre bygningar enn dei som vert omfatta av formelt vern gjennom regulering, skal ein ved søknad om tiltak vurdere verneverdi etter følgjande kriterier:

- a) representativitet
- b) autentisitet
- c) arkitektoniske verdi
- d) identitetsverdi
- e) sammenheng med kultur- eller naturmiljø.


For meldepliktige bygningar (bygningar som er eldre enn 1850), er det lovfesta i §25 i Kulturminnelova at ei vurdering av verneverdien MÅ gjerast før søknad om endring eller rivning kan bli godkjent.

Ny trussamfunnslov vart iverkseatt 1. januar 2021 (lov 24. april 2020 nr. 31). Lova erstattar «kirkeloven» og tidlegare lovverk om trus- og livssynssamfunn. Den nye trussamfunnslova har i Rundkriv Q-06/2020 18. DESEMBER 2020 – retninglinjer for forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø. Kirkene er ofte plassert på sentrale og fremtredande stadar i landskapet og bevisst forma som landemerke. I tettbygde miljø er kirkene gjerne gitt ein dominerende plassering på eit torg eller i en akse i bystrukturen. Den arkitektoniske verknaden i omgjevnadane bør ivaretakast på ein estetisk god måte i planlegging og forvaltning, uansett kirka sin alder. Eksisterende verdifulle visuelle trekk, som for eksempel fondmotiv i ei gate, bør inngå som premiss for ny planlegging og forvaltning.

Florø by er ein av byane i Noreg som Riksantikvaren har peika ut som område av nasjonal kulturminneinteresse. Disse utvalde byane inngår i NB-registeret (Nasjonale kulturminneinteresser i by) som skal vere ein oversikt over norsk byutvikling frå vikingtid til omkring 1950. At ein by eller eit delområde er registrert i basen medfører ikkje formelt vern. Dette er område som bør forvaltast og utviklast med omsyn til kulturminneinteressene, slik at desse ikkje vert svekka eller forsvinn. Dei nasjonale interessene kan knyte seg til byen som heilskap, til enkeltmiljø og/eller strukturar.


2.1 Florø by 1860

Det var i samband med dei rike sildefiska utanfor Flora midt på 1800-talet at Stortinget vedtok å opprette ein ladestad på Florø i 1860. Då låg der to større gardar (Prestegarden og Helmersgarden), nokre sjøbuer og gesellhuset til bergenskjøpmannen Anders Olsen.



Utsnitt av teikning av Florø by – laga av C. Diriks i 1865.

Det første reguleringsplanen for byen vart laga i 1861, med gatenett i kvartalstruktur. Grensene gjekk langs innmarka av gardane Øvre og Nedre Flora og Hesteneset, område aust for Nedre Flora. Staten sin kommisjon meinte det var rikeleg med god byggegrunn fordi området var flatt. Dette var delvis rett, men mykje av området var småkupert og ikkje like lett å etablere kvartalstruktur i. Mykje av den første reguleringsplanen vart vidareført i reguleringsplanen frå 1920. Florø by vaks fram på bymessig vis, sjølv om veksten stoppa opp i periodar med nedgangstider. Ei slik strukturell planlegging av ein by så tidleg er spesielt, samanlikna med dei andre tettstadane i gamle Sogn og Fjordane. Dei andre mindre tettstadane har vakse fram langs ein landeveg eller hovudgate og først fått ei meir bymessig utvikling seint på 1900-talet.



Utsnitt av reguleringsplanen frå 1861.

Reguleringsplanen frå 1920 viser at mykje av den kvartalstrukturen som vart bestemt i 1861 er delvis bygd ut i sentrumsområdet. Der byparken ligg i dag ville planleggarane ha eit stort bygg for offentlig administrasjon. Her er og skissert inn framtidige hjørnebygg mot Hans Blomgate; for sjukehus og skule. Fleire plassar er det teikna alleiar langs gatestrukturane, også ned mot Storevatnet. Storevatnet var også viktig som rekreasjonsområde for byen sine borgarar, i første omgang for dei meir kapitalsterke av borgarskapet i byen, som bygde landstader ved Storevatnet for rekreasjon.



Utsnitt av reguleringsplanen frå 1920.

I 1920 står framleis hovudbygningane på dei to hovudgardane (Prestegarden og Helmersgarden). På Helmersgarden stod det tingstove, bispestove og eit hovudhus. Hovudhuset brann i 1930 og måtte rivast. Huset som kom opp då stod til det vart rive for å gje plass til Flora Samfunnshus, som vart bygd på 1970-talet.


Innanfor planområdet som vi skal vurdere i denne rapporten er det framleis to bygningar frå 1920-planen som står i dag; hovudhuset på prestegarden og Malkeneshuset.

2.2 Kvalitetar i bystrukturen

Florø sentrum er avgrensa av eit landskapsrom med grøntområde ved Lisjeåsen, Lillevatnet og Storevatnet mot sør og sjøen og havneområdet i nord. Gatestrukturen er framleis basert på reguleringsplanen frå 1861. Landskapsrom og dei strukturelle prinsippa med kvartalstruktur er viktige historiske kvalitetar som bør takast omsyn til ved planlegging av nye tiltak i byområdet.



Florø kyrkje som fondmotiv i Hans Blomgate er ein viktig kvalitet i bystrukturen.



Illustrasjon frå Rapport «Arkitektur og bygningshistorisk kartlegging», (Nordplan AS, 2010)

Som illustrasjonen over viser er det bymessige sentrumsområdet av Florø by konsentrert mot sjøen i nord, med tett bymessig utvikling i kvartalstrukturen. Frå Hans Blomgate og sørover mot Litlevatnet og Storevatnet er ein over i eit meir landleg villastrøk og grønt landskapsrom. Medan Strandgata og Markegata i sentrumsområdet har vore prega av forretning og handel, har Hans Blomgate (tidlegare kalla Skulegata) vore gata for offentlege bygg, med kyrkja på ei høgde som fondmotiv. I denne gata stod det seint på 1800-talet både skulehus og sjukehus.


For vurdering av nye tiltak i kvartalstrukturen kan ein ikkje sjå einssidig på enkelt-tomta, men vurdere konsekvensar i eit større by- eller landskapsrom. Tilpassing til eksisterande bebyggelse og landskap er viktig og er nedfelt i plan- og bygningslova:

Pbl § 29-2 – Visuelle kvaliteter:

«Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering».

2.3 Planområdet

Det aktuelle reguleringsområdet ligg i den sør-austlege delen av byområdet og omfattar arealet frå det gamle sjukehuskvartalet i vest t.o.m. Florø barneskole og «Eventyrskogen» i aust.



Aktuelt planområde ligg frå Hans Blomgate og ned mot Storevatnet.

I dette planområdet er det to bygningsmiljø som har eit formelt kulturminnevern etter plan- og bygningslova. Dette er:

H570_7 – Gbnr. 28/1


Prestebustaden

H570_8 – Gbnr. 202/271

Florø barneskole (og bustadområdet aust for denne).

Føremålet med planarbeidet omfattar plassering av ny gymsal/hall for Florø barneskole og vurdering av gjenbruk/nybygg for nye omsorgsbustader/institusjon på sjukehustomta.

3 Bygningstiljø i planområdet



3.1 Sjukehuset – Hans Blomgate 32 – Gbnr. 2020/103

Sjukehushistorie for Florø by

Litt tilbaketrekt frå Hans Blomgate (tidlegare Skulegata), der omsorgssenteret «Havglytt» ligg i dag, låg det første sjukehuset i Florø; «Vårsildfondet» sitt sjukehus. Dette vart oppført allereie i 1865, primært for å ta inn pasientar som arbeidde i vårsildfisket og som var langvegsfarande fiskarar. Dei hygieniske og medisinske forholda blant dei mange tusen fiskarane skapte uro hos styresmaktene og den vanlegaste sjukdomen var tyfus. Det var difor nødvendig med eit medisinsk tilbod.

Ein aukande interesse for helse og helsestell medførte til ei storsatsing på å få til ei utbygging av sjukehus over heile landet på 1920-30-talet. I 1926 vart det gamle fiskarsjukehuset bygd om og modernisert av Røde Kors, men det vart fort for lite.

Det nye Fylkessjukehuset i Florø stod ferdig i 1933, om lag samtidig med Florø barneskule (1934). Det var teikna av arkitekt Torgeir Alvsaker frå Bergen, same arkitekt som teikna Florø barneskule. Bygget har ei enkel stadstilpassa form, eit vinkelbygg på hjørnet av Hans Blomgate – Torggata, tilpassa kvadraturen. Bygget var i tre heile etasjar, delvis nedsenka kjellaretasje og loft med valmtak. Hjørnedelen er skilt ut som eit «tårn» med pyramidetak. På taket var det og fleire ventilasjonstårn som fekk ei meir detaljert arkitektonisk utforming enn bygget elles. Her var også hovudinngangen plassert mot gata mot nord, med markert ramme rundt døra. Vindua hadde krysspostvindu i ståande format. Arkitekturen har trekk frå funksjonalismen, med markert mørk kjellerbase, lys pussa mur og enkel omramming rundt vindu og dører.

I 1962 vart sjukehuset i Florø utvida med medisinsk avdeling, kirugisk avdeling og fødeavdeling. Denne fløyen er tidstypisk for 60-talet, med ein internasjonal funksjonalistisk stil prega av moderne industriell massefabrikasjon kombinert med nyskapande industridesign. Sidan utviklinga gjekk mot større sjukehus der ein kunne få spesialisert behandling, vart mykje av dei spesialiserte helsetenestene flytta til nye Førde sentralsjukehus, som stod ferdig i 1979. Noko av sjukehusstilbodet heldt fram ei stund til, men i 2008 vart sjukehuset lagt ned. Kinn kommune eig no bygningskomplekset og er i gang med planlegging av ny bruk på tomte.

3.1.1 Kulturhistorisk verdigradering

Den eldste bygningen av Florø sjukehus har ein svært viktig kulturhistorisk verdi, både som ein del av sjukehushistoria men og som ein del av kvadraturen til Florø by. Bygget har arkitekturhistorisk verdi som representant for eit av dei tidlege funksjonalistiske institusjonsbygga i fylket. Tilbygget som kom på 1960-talet er også svært tidstypisk, men har etter vår vurdering ikkje like høg kulturhistorisk verdi i bystrukturen. Sjukehusbygget

representerer ein sterk identitetsverdi for innbyggjarane i tidlegare Flora kommune. Det eldste bygget er endra noko over tid, bl.a. med nye type vindu mm. Det ber no preg av dårleg vedlikehald, då det har stått tomt nokre år. Med rehabilitering og ny bruk har det gjenbrukspotensiale og ein verdi i kvartalstrukturen. Dersom riving blir vurdert bør ein stille strenge krav om å oppretthalde karakteren til det opphavlege bygget, både mot Hans Blomgate og mot parkområdet mot Storevatnet.



Ingen av bygningsdelane på sjukehuset har eit formelt vern.

3.2 Bolighus – Kinnvegen 2 – Gbnr. 203/102

Bustadhuset i Kinnvegen 2 er ein utleigebustad med fleire husvære, truleg oppført på 1960-talet. Bygget var opphavleg sett opp for utleige til tilsette ved sjukehuset, i dag er det nytta som kommunale bustader. Fleire, heilt identiske bustadtypar, står også i tilknytning til Volda sjukehus, som også vart bygd på 1930-talet.



3.2.1 Kulturhistorisk verdi

Bygget har ein kulturhistorisk samanheng med sjukehuset, men som sjølvstendig bygning har det ikkje like høg verneverdi. Vi meiner likevel at det som struktur, som tilpassa punkthus i landskapsrommet langs Storevatnet, har ein viktig verdi som bør vidareførast. Området på sørsida av gangvegen som går bort mot prestegarden, toler lett utbygging, som punkthus i det grønne landskapsdraget. Det vil vere uheldig med høg og hard utnytting i dette landskapsrommet.

3.3 «Malkeneshuset» – Hans Blomgate 40 – gbnr. 202/26

Med framveksten av Florø by vart det også behov for skulebygg. Grunnlaget for utbygging av fastskulane låg i «Lov om Almueskolevæsenet paa Landet», iverksett frå 1860. Krinsar med minimum 30 barn skulle ha eige skulehus. Huset i Hans Blomgate 40A – «Malkeneshuset» er Florø by si første skulestove bygd i 1866. Skulestova vart truleg fort for liten, ettersom byen vaks, og i 1889 kom det eit nytt stort skulehus i fleire etasjar, på tomta der sjukehuset seinare vart bygd. Det gamle skulehuset kom då i privat eige, selt til M. Malkenes som bl.a. dreiv med jektefart. «Malkesneshuset» er framleis nytta som bustad.



«Malkeneshuset» - den første skulestova i Florø by, bygd i 1866.

3.3.1 Kulturhistorisk verdi

«Malkeneshuset»- den gamle skulestova frå 1866 – er blant dei eldste bygningane som kom då Florø by vart etablert og som framleis står igjen. Bygget fortel ei viktig skulehistorie og om byutviklinga, og står såleis i ein god samanheng med den tredje skulen som kom på 1930-talet; noverande Florø barneskule. Bygget står noko «aleine» i Hans Blomgate, og ikkje så lett lesbart i eit større kulturmiljø der, men fungerer godt som kulturhistorisk miljø saman med prestebustaden og dei nyare bustadane mellom, i Claus Findergate.

Dersom ein skal vurdere ny idrettshall i dette området bør ein greie ut om det er mogeleg å flytte «Malkeneshuset» til eit område nær prestebustaden. Som for landskapsområdet rundt prestebustaden er det heller ikkje tilrådd å plassere eit stort bygningsvolum på «Malkenestomta» og tilhøyrande nabolomter langs Hans Blomgate. Her kjem du i eit gatemiljø med kyrkja som fondmotiv. Også ved plassering av ein dobbel gymsal i området kan volum og skala gå forbi ei tålegrense der ein øydelegg det historiske bylandskapet. Det er difor viktig å plassere volumet og tilleggsareal som garderober m.v. på ein slik måte at ein dempar volumet i bylandskapet.



Plassering av skala og volum langs Hans Blomgate må ta omsyn til kyrkja som fondmotiv.

3.4 To bolighus – Claus Findegate 2 og 4 – Gbnr. 203/67 og 203/68

Bustadhusa i Claus Finegate er frå ulike tidsperiodar i andre halvdel av 1900-talet, truleg oppført på 1950- og 1980-talet. Spesielt det eldste bustadhuset har ein fin arkitektonisk kvalitet, både i utforming og materialbruk. Det andre bustadhuset har ein enklare karakter.



To bolighus i Claus Findegate t.v. – tilkomst til «Malkeneshuset» t.h.

3.4.1 Kulturhistorisk verdi

Begge bustadhusa er fint tilpassa den verneverdige prestebustaden i sør og Malkeneshuset i nord. Samla utgjer dette eit viktig landskapsrom med små kvite punkthus, tilknytta det store landskapsrommet langs Storevatnet. Dette landskapsrommet vert også bunde saman med «Byparken», som ligg sør for samfunnshuset, sjølv om denne samanhengen ikkje er like tydeleg og viktig i kvartalstrukturen, sett frå Hans Blomgate.

Etter vår vurdering har dei to bustadane viktige kvalitetar for å ta vare på landskapsrommet og prestebustaden sine nære omgjevnader. Plassering av ein stor fleirbrukshall tett på dette landskapsrommet vil vere uheldig. Generelt vil store, lukka volum tett på desse bustadane vere uheldig og øydelegg det historiske landskapet. Dersom det vert valt plassering av ny gymsal i dette nærområdet, vil vi difor sterkt tilrå at ein går for ein mindre gymsal. Arkitektonisk utforming, oppbryting av volum og plassering i terreng vil vere viktige moment for å dempe ein stor bygningskropp, både mot desse bustadane og mot Hans Blomgate.



Byparken har ikkje like tydeleg visuell kontakt med landskapsrommet ved prestegarden.

3.5 Prestegarden (Øvre Flora) – Claus Findegate 1 - Gbnr. 28/1

I eldre tid låg det to gardar på Flora; Øvre og Nedre Flora. Begge gardane går tilbake til eldre middelalder. I 1755 vart garden Øvre Flora kjøpt som prestegard for Kinn prestegjeld, men den vart ikkje teke i bruk som prestegard før Florø kyrkje stod ferdig bygd i 1882. Då vart dette hovudkyrkja i Kinn sokn. Hans Blomgata vart då bygd som ei parallellgate til Strandgata, og kyrkja vart liggjande ved enden av denne gata, som er oppkalla etter den drivande presten og stortingsmannen Hans Jenssen Blom, som også kjempa for grunnlegging av ein by på Florelandet. Huset på prestegarden vart rive i 1899 og erstatta av prestebustaden som no står der i sveitserstil. Bygningen er nytta som prestebustad inntil ganske nyleg. Eigedomen er no eigd av Kinn kommune.



Prestegarden (Øvre Flora) har røter frå middelalderen. Bustadhuset er bygd tidleg 1900-talet og erstattar tidlegare hovudhus som stod der. Garasjen er av nyare dato.

3.5.1 Kulturhistorisk verdi

Hovudhuset på gamle prestegarden (Øvre Flora) har ein svært viktig kulturhistorisk verdi, då bygningen representerer historie langt bak i tid og starten på etableringa av Florø by. Tidlegare stod det fleire bygningar i tunet – og det gjekk ein gardsveg på skrå ned til prestebrygga ved sjøen i nord. Sjølv om bygningen som står der i dag ikkje er frå opphavleg tid då byen vart etablert, er dette ein eldre bygning som representerer same historia, og den har også fungert som prestebustad nesten fram til idag. Bygningen og hagedelen rundt har eit formelt vern og er regulert til bevaring.

Prestebustaden har heile tida stått i eit natur- og kulturlandskap og ligg sentralt som ein del av bybildet ved Storevatnet. Skal ein ta vare på denne kulturhistoriske verdien er det viktig å ta vare på dette landskapsrommet. I dag er det eit grøntområde som strekker seg frå Kinnvegen i vest, forbi prestebustaden og vidare bort til Florø barneskole sitt paviljong-bygg og «Eventyrskogen» i aust. Barneskolen sitt uteområde er ein del av landskapsrommet rundt prestegarden.



Grøntdraget ved prestegarden og rundt Storevatnet er ein viktig kulturhistorisk kvalitet.

Etter vår vurdering vil det vere svært uheldig å plassere ein stor fleirbrukshall i dette landskapsrommet. Også ved plassering av ein dobbel gymsal i området kan volum og skala gå forbi ei tålegrense der ein øydelegg det historiske landskapet. Dersom dette området vert valt for plassering av ny gymsal, vil vi difor sterkt tilrå at ein går for ein mindre gymsal i dette området. Arkitektonisk utforming og plassering i terreng vil vere viktige moment for å dempe volumet i landskapet og redusere konsekvensane for eit ope og grønt landskapsrom rundt prestegarden.

3.6 Florø barneskole - Hans Blomgate 42 – Gbnr. 202/271

Florø by si skulehistorie

«Malkeneshuset» i Hans Blomgate 40A var den første skulestova i Florø by, bygd i 1866. Florø sitt 2. skulehus, bygd i 1889, stod der den nyaste delen av Florø sjukehus ligg i dag. Denne skulen brann ned i 1918. Etter skulehusbrannen kom ein i gang med bygging av nytt skulehus på same staden, men bygginga stoppa opp grunna nedgangstider og dårleg økonomi i kommunen. I fleire år stod tomte der med uferdige kjellarmurar. Tomta og murane vart seinare gjeve til bygging av nytt fylkessjukehus og ein måtte difor sjå etter ny tomt.

Florø barneskule

Florø barneskole har elevar på 1.-7. årssteg og er kommunens største grunnskule, målt i tal elevar og tilsette.

Første del av Florø barneskole som står i dag, stod ferdig i 1934, som ein 7-årig einskapsskule. Første byggesteg av Florø barneskule er teikna av arkitekt Torgeir Alvsaker frå Bergen. Bygget er teikna etter arkitekturideala i samtida, prega av funksjonalismen med amerikanske trekk. Idealet var reine formelement, sett saman på ein organisk måte og med fokus på materialdetaljlar som framhevar viktige element i bygningen.

Florø barneskule vart bygd i teglstein, med pussa mur. Det er bygd som eit vinkelbygg, med eit tårnhus i austlege delen. Hovuddelen i tre heile etasjer, med kjellar delvis under terreng og loft med valma tak, ligg mot Hans Blomgate, medan vinkelbygget mot sør vart bygd i 2 etasjer

(gymsal på 200 m²), seinare påbygd med ein etasje. I tårnhuset er det plassert inntrekte opningar i mørke felt, slik at det der ut som taket løftar seg frå veggane. Vindusband med store vindu for godt dagslys var også trekk frå funksjonalismen. Andre byggesteg på Florø barneskule vart bygd i 1956-59. Då vart skulen utvida både vestover og sørover. Det vestre tårnet vart då bygd i same stil som austtårnet. I 1995 vart austtårnet utvida i breidda, men følgjer den opphavlege utforminga.



Florø barneskule (1934) vart bygd som eit vinkelbygg, hovuddelen i tre etasjer med kjellar og loft.

«Paviljongbygget» ved Florø barneskule

Gamle Maurtua barnehage vart bygd på 80-talet og lagt ned i 1997. Florø barneskule disponerer areal i «Maurtua-bygget» med 4 klasserom, 2 grupperom, lærararbeidsplassar og eit personalrom. I Maurtua er det i tillegg areal til ei forsterka spesialpedagogisk eining. I 2014/15 vart det bygd eit større tilbygg til Maurtua-bygget som gav meir læringsareal (4 klasserom, grupperom, garderober og lærararbeidsplassar). Bygget vert også nytta til SFO.



Paviljongbygget (Gamle Maurtua barnehage) ved Florø barneskule ligg aust for det elste skulebygget frå 1934.

3.6.1 Kulturhistorisk verdi

Den eldste bygningen av Florø barneskule har ein svært viktig kulturhistorisk verdi, både som ein del av skulehistoria til Florø by, men også arkitekturhistorisk verdi som representant for eit av dei tidlege funksjonalistiske bygga i fylket med høg arkitektonisk kvalitet. Sjølv om bygningen har fått tilbygg og påbygg, er dette gjort på ein god og varsom måte, slik at bygget framstår som ein arkitektonisk heilskap med felles identitet.

Florø barneskule og villaområdet aust for skulen langs Firdavegen, den gamle innfartsåra til Florø, har eit formelt vern og er regulert til bevaring.

«Paviljongbygget» eller «Maurtuabygget» har ikkje nokon spesiell høg arkitektonisk eller estetisk verdi, men har ein god organisering rundt eit felles gårdstun og er også plassert på ein god måte inn i terrenget. Omgransa av tett vegetasjon langs Storevatnet er bygningen nesten ikkje synleg frå Kinnvegen, også ved at skala og volum ligg dempa i landskapsrommet.

På lik linje med vurderingane knytt til prestebustaden, vil det vere svært uheldig å plassere ein stor fleirbrukshall i landskapsrommet som er ein del av Florø barneskule. Også ved plassering av ein dobbel gymsal i området kan volum og skala gå forbi ei tålegrense der ein øydelegg det historiske landskapet. Dersom dette området vert valt for plassering av ny gymsal, vil vi difor sterkt tilrå at ein går for ein mindre gymsal i dette området. Arkitektonisk utforming og plassering i terreng vil vere viktige moment for å dempe volumet i landskapet og redusere konsekvensane for eit ope og grønt landskapsrom rundt prestegarden.

4 Eksempel på idrettshallar tilpassa terreng og kulturhistorisk bygningsmiljø

Ny-Krohnborg skole, Bergen

Nye Ny-Krohnborg skole er ein kommunal barne- og ungdomsskole i Årstad bydel i Bergen. Skulen vart teikna av byarkitekt Kaspar Hassel og åpna i 1924. I 2012 vart den gamle skulen rehabilitert og det vart bygd ny fleirbrukshall med tilleggsfunksjonar integrert i terreng og med nytt uteanlegg for skulegården over hallen. Prosjektet er teikna av Arkitektgruppen Cubus i Bergen.



Nye Ny-Krohnborg skole i Bergen (Foto: Arkitektgruppen Cubus)

Ulstein Arena, Ulsteinvik

Ulstein Arena er teikna av Lund+Slaatto Arkitekter og består av idrettshall, svømmehall og bibliotek. Den stod ferdig i 2017 og har ei samla areal på 10 000 m². Ulstein Arena vann Statens byggekikkpris i 2018.




Foto: Lund+Slaatto Arkitekter

Arkitektkontoret Lund+Slaatto beskriv prosjektet på ein god måte slik:

Ulstein Arena er det nye samlingsstedet for idrett og kultur i Ulsteinvik og består av en flerbrukshall, bibliotek, badeanlegg og en klatrehall. Arenaen er plassert blant småhusbebyggelsen i Ulsteinvik sentrum og målet har vært å skape et anlegg tilpasset omgivelsene som bidrar med verdiskaping i en urban sammenheng.

Arkitektonisk er prosjektet løst ved at de to hallene danner hvert sitt volum, delvis lagt inn i terrenget. Det omkringliggende landskapet løper langs og mellom bebyggelsen på flere nivåer og danner en serie av nye urbane byrom i forlengelse av byens gågater. På denne måten videreføres og forsterkes bystrukturen med nye forbindelser til bykjernen samtidig som det skapes en synergi mellom byens liv og arenaens aktiviteter.

Utformingen av huset har tatt utgangspunkt i å forsterke den lokale identiteten, der byggets skrå former står i dialog med fjellene i bakgrunnen, men også som en tydelig referanse til byens verftsindustri. Fasadene består av eksponerte konstruksjoner i plasstøpt betong, delvis kledt med mørke sinkplater, mens de innvendige rommene har fått en varmere materialitet med utstrakt bruk av tre.



Terrassering av volum dempar skala mot omgivelser. Foto Lund+Slaatto Arkitekter

Kjelder:

- Kulturhistorisk leksikon – <https://leksikon.fylkesarkivet.no>
- «Florø sentrum – Arkitektur og bygningshistorisk kartlegging» – delrapport kommunedelplan Florø sentrum (Nordplan AS – 2010)
- Historia om Flora – 2. bymann og fiskarbonden 1860 – 1945 (Gaute Losnegård/Selja Forlag – 2016)
- Husa våre – Arkitekturarven i Sogn og Fjordane (Kolbjørn Nesje Nybø/Selja Forlag – 2019)